

**Sjå vekk frå resolusjonen!**

20.01.2010

**Det er med stor undring eg les at det er folk i bygda som vil hindra utvikling og hindra nye arbeidsplasser i bygda vår.**

Eg kan ikkje sjå at nokon av argumenta til dei fire som har skreve under på resolusjonen om sandtaket held mål.

For det fyrste så er naturen i uskedalsbygda allerede rasert når det gjeld natur og fjellsider. Ein kan bare ta seg ein tur opp på Englafjell så ser ein eit samansurium av skogsvegar som skin i mot på Kjerlandsida.

Kva vil det øydeleggja for natur og turisme der ei bedrift vil etablere seg i eit dalsøkk som ingen oppsøker lenger? I dag er det laga ny veg til Ulvanoso og kalkstasjonen.

Det vil heller ikkje øydeleggja for fisket i elva då det er strenge reguleringer for utslepp til denne.

Nei, dåke burde heller tenkja på at det er positivt og gledelegt at det er folk som vil og har satsa tusener av kroner for å få til noko her i bygda vår.

Difor må eg på det sterkaste anbefala Uskedalen Utvikling å sjå vekk ifrå resolusjonen.

**Helsing Lasse Yri**